

Frå Arvid Villanger  
Rossnesvegen 414  
5937 Bøvågen

Onsdag 10.02.2021

### **Gjeld merknader etter nabovarsel frå Magne Bjørkhaug i sak 20/7629**

Eg vil med dette kommentera påstandane punkt for punkt i Magne Bjørkhaug sine merknader til frådelling av det gamle våningshuset på garden.

#### **1. Framtidig bruk**

Det er rett som nabo peikar på at bruken av det gamle våningshuset har variert gjennom generasjonar. Huset har mest vore brukt som bustad for gardsfolka (mine foreldre og besteforeldre), men i dei siste 40 åra har huset vore brukt som fritidsbustad av mi syster Marit. Ho fekk huset av foreldra sine. Marit har tross alt lagt ut fleirfaldige hundre tusen kroner på huset, og det er rimeleg at ho ønskjer å vidareføra verdiar ho har opparbeidd gjennom eit langt liv i arbeid. Ei frådelling vil sikra rettane til Marit og hennar etterkommarar.

#### **2. Avstand til nabo sin driftsbygning**

Avstanden til nabo sin driftsbygning er uendra om huset vert frådelt eller ikkje. Nabo Magne Bjørkhaug har ingen einerett til å køyra ut og inn på vegen som går forbi husa på Nordre Villanger. Denne retten er frå vår side tinglyst og oppretthalden gjennom generasjonar.

#### **3. Vegrett/parkeringsplass**

Det er rikeleg med parkeringsplass for mi syster på min gard, og det er ikkje behov for noko avtale med nabo om parkering på hans gard.

Avtalar om vedlikehald av vegen mellom husa på Nordre Villanger er eit fellesprosjekt slik det alltid har vore. Det er vanskeleg å sjå at dette no plutselig kan bli ein kime til konflikt.

Nabo påpeikar at Statens vegvesen i 2005 hadde innvendingar knytt til utkøyrslе frå Nordre Villanger ut på Rossnesvegen for «nye fritidseigedomar». I og med at eigedomen som vert søkt frådelt høyrer til blant dei eldste eigedomane i grenda, og på ingen måte er ein «ny» fritidseigedom, kan dette argumentet ikkje brukast mot frådeling. Det er snakk om frådeling til uendra bruk.

#### **4. Kloakkløysing**

Avløpet til kloakken frå våningshuset er opparbeidd med sandfiltergrøft i tråd med forskriftene. Det er første gong eg høyrer noko om at kloakken renn ut på Magne sin eigedom. -Det kan sjølvstund tenkjast at sandfiltergrøfta vart øydelagt då slekta til Magne framførte offentleg vassleidning (ein vassleidning eg ikkje har nytte av) over store delar av min gard, og rett forbi der sandfiltergrøfta er. I den samanheng vart mykje rasert, og særskild gjekk det ut over dei gamle steingrøftene på garden. Dersom sandfiltergrøfta til kloakken også vart øydelagt i samband med framføring av offentleg vassleidning, kan det jo reisast spørsmål ved kven som bør bera kostnadane med å retta opp feila som vart gjort. Etter det eg kjenner til fungerer kloakksystemet skikkeleg, og eg har ikkje fått dokumentasjon på noko anna.

#### **Konklusjon**

Eg kan ikkje sjå at den omsøkte frådelinga inneber endringar som kan påverka nabo Magne Bjørkhaug på noko som helst måte. Eg understrekar at frådelinga gjeld ein søknad om å frådeling til uendra bruk. Magne Bjørkhaug sine synspunkt er notert, men eg kan ikkje sjå at han har noko på synfaringa på min gard å gjera.

Arvid Villanger